

OPPSUMMERING FRÅ FOLKEMØTE OM KOMMUNEPLAN.

Tid: 03.05.17.

Stad: Dyrskun, Storstugo.

Tema: Berekraftige Seljord.

Møteleiar: ordførar Halfdan Haugan.

Innleiar: Arne Myhre, klimaforskar ved Høgskulen i Sør-Øst Norge.

Tal på frammøtte: 22

Ordførar ynskte velkomen til møtet og informera kort om bakgrunnen og temaet.

Etter det ei kort orientering om kommuneplanarbeidet v/kommunalsjef Frid Berge.

Utfordringa er å skulle forvalte ressursane på ein slik måte at neste generasjon får overta eit betre «produkt» enn det som er situasjonen i dag. Kommuneplanarbeidet handler om å sette seg gode mål, som må ligge fast over tid, men at ein tilpasser etter behov dei strategiane som skal til for å nå måla.

Etter det vart kveldens innleiar introdusera.

Innleiinga til Arne Myhre

Myhre bruka i alt 56 lysark. Kopi av desse ligg under i referatet.

- Myhre starta i eit globalt perspektiv
- Vær og klima- været syner eit korttidsbilde, mens klima er eit lengre perspektiv på minst 30 år.
- Global temperaturkurve syner markert oppvarming frå 1970 og framover. Trenden er klar sjøl om temperaturen gjeng litt opp og ned einskilde år.
- Myhre meiner at minst halvparten av temperaturendringane er menneskeskapte.
- Stort sett er den gjennomsnittlege temperaturen for høg globalt med unnatak av «den blå flekken» sør for Grønland og nokre blå flekkar på sørflanken.
- Vulkanar verker alltid nedkjølande. Ein kraftig vulkan kan kjøle ned over ein lang periode. Til dømes eit vulkanutbrot på Bali i 1963 som verker nedkjølande globalt i omlag 3 års tid etterpå.
- Varme og kalde havstrømmar verker også inn.
- Fram til 1976 er vi dominera av kalde havstrømmar, men med varme havstrømmar etter 1976.
- Noko av den globale oppvarminga skyldast kalde havstrømmar men det meste er menneskeskapt.
- Vulkanar har mest nedkjølande effekt rundt ekvator og mindre effekt lenger nord.
- Klimaskeptikarane var opptekne av manglande temperaturstigning etter 1998, men dette har m.a. samanheng med mange kalde havstrømmar og vulkaner.
- Karbondioksydninhaldet i lufta 20 000 år tilbake i tida: Flat utvikling fram til 1750 (før den industrielle utviklinga) etter dette ein bratt stigning p.g.a. industriutvikling og avskoging.
- Den naturlege drivhuseffekten er heilt nødvendig, men auka stråling ut i verdensrommet kjem tilbake til jorda.
- Metan er ein effektiv drivhusgass, lystgass enda meir effektiv.
- Målingar i Alaska i variasjon i Co2 konsentrasjon, (lysark nr. 13) raud kurve, variasjon i tilbakestråling, stigande tendens frå 2000 til 2011. Tilsvarande måling i Oklahoma. Påverkar drivhuseffekten.
- Høgare temperatur gir meir vassdamp i atmosfæren.
- Når solstrålane treff snø vert det mindre oppvarming til forskjell frå når dei treff svart jord.

- Ved høgare temperatur vert det danna nye typer skyer, der toppen på skya vert høgare, noko som kan påverke temperaturauken (men dette er usikker vitenskap)
- Auke/stigning i havnivået: Frå 1993 til 2016 var denne på 3,4 mm pr år, denne blir større og større.
- Når havet får ein høgare temperatur, skjer dette ved at vassmolekylene vert påverka og utvider seg.
- Men ein årsak til at havene stig er også at polarisen smelter.
- Auken i havnivået vil venteleg bli frå 27 cm til 82 cm.
- Årstemperaturutviklinga i Noreg frå 1900 fram til no syner ei gradvis avkjøling etter 30-åra, men stigning att frå om lag 1980. Året 2014 er det varmaste året.
- Temperaturen har auka frå 1,5 – 2 grader dei fleste årstidene.
- Snøsesongen blir 1-4 månader kortare
- Vekstsesongen blir lengre og årsnedbøren vil truleg auke med om lag 15 %.
- Skoggrensa stig, noko som har ein oppvarmande effekt.
- Meir ekstremver er noko ein må rekne med, noko som vil utløyse meir jordskred m.v.
- Ekstremveret skyldast m.a. at lufta inneheld meir vassdamp, og dette råkar fyst og fremst dei store byane fordi oppvarminga er sterkast kring byane.
- Men vitenskapen har ikkje forstått alle detaljar i dette.
- Telemarkskysten er fortsatt inne i ein landheving etter siste istid, med om lag 32 cm i havnivåauke i 100 års perspektiv fram mot år 2100.
- Vi kan som mennesker påverke naturlege prosessar negativt, i ein slik grad at utviklinga etter eit visst punkt kan komme til å eskalere.
- Ei endring i middeltemperatur over 2 grader i høve til 1750 kan bli ein farleg utvikling.
- Me må redusere CO₂- utsleppa med mellom 40-70 % fram mot 2050 for å unngå ei slik farleg utvikling.
- Det må dramatiske tiltak til. Vi må ikkje leite etter meir olje og gass.
- Flyreiser over lange avstander bidreg mykje til utslepp.
- Ikkje kvotepliktig sektor, her har Norge ein stor utfordring. Om 13 år må det ha skjedd mykje innan landbruk, transport, avfall og bygg. Her må kommunane levere.
- Myhre presentera tabellar over utviklinga i ulike typer utslepp.
- Overgang frå fossilt til bioenergi og elektrisk energi.
- Varmepumper kombinert med vedfyring er ein effektiv måte å få ned utsleppa på.
- Solenergi er framtida og stor gevinst ved å gå over til el-bil.
- I solenergiproduksjonen kan grafen komme til å erstatte silisium.
- Innan landbruk er utsleppa av metan og lystgass store.
- Større utslepp ved å bruke gras enn kraftfor.
- Ete mindre kjøtt er ein løysning, mens kjøttforbruket er sterkt aukande.
- Ein reduksjon her gir også helsegevinst.
- Dyrking av myr aukar produksjonen av CO₂.
- Skogen må pleiast slik at ein får maksimal fotosyntese, slik at skogen til einkvar tid tek opp i seg mest mogeleg CO₂.



Gruppearbeid.

Etter innleiinga til Myhre vart forsamlinga dela inn i 3 grupper og gruppene fekk desse spørsmåla som dei skulle diskutere:

- Korleis kan ein auke kunnskap, engasjere og involvere innbyggjarane og særskilt born og unge om klimautfordringar? Kom med forslag til gode strategiar for varige løysingar.
- Korleis balansera målkonfliktar mellom bruk og vern i utvikling av lokalsamfunnet? Kva for røyster skal bli høyrte? Kost/nytte? Diskuter behov for strategiar som sikrar langsiktige og varige løysingar for arealdisponeringar.
- Seljord kommune har stolte tradisjonar, unike kulturlandskap og viktige naturressursar, korleis kan ein på berekraftig vis best forvalte desse?

Hovudmoment - tilbakemelding frå gruppene.

Gruppe 1:

- Undervise i skule og barnehage.
- Kunnskap- må ha kompetanse i alle ledd, i barnehage og skule.
- Balansert kunnskap, engasjert forhold til kunnskapen og bry seg om samfunnet.
- Barn som bruker naturen bidreg til at dei får eit meir ansvarleg forhold til tema.
- Målkonfliktar
- Kapitalismen som grunnprinsipp?
- Ikkje byggje ned dyrkbar og dyrka jord.
- Frigjere anna areal for utbygging
- Konfliktar. Politiske konflikter. Konfliktar mellom interessentar som vil bygge ut til næringsformål, dei som vil ha fleire innbyggjarar, meir aktivitet og meir folk. Dette kan lett bli konfliktar ut av. Desse vekstidealene får lett miljøkonsekvensar.
- Kulturlandskap og tradisjonar: Må bruke dem, bruk er det same som vern. Kultur og tradisjon må utviklast, for eksempel mindre import og meir bruk av norskprodusert kraftfor.

Gruppe 2:

- Faktabasert informasjon om miljø må inn i barnehage og skule, som eit naturleg tema.
- Bevisstgjere innbyggjarane våre.
- Kor blir søplet vårt av?
- Kan vi til dømes bruke Renovest til å foredle det ein får inn av søppel, gjerne matavfallet, utan for mykje transportkostnader og omgjere det til produktiv energi?
- Målkonfliktar: mellom næring og andre grupperingar, turisme m.v.
- Eit vedtak gjeld til neste vedtak blir fatta. Det politiske fleirtalet bestemmer. Graden av langsiktighet er ein utfordring for miljøet.
- Kulturlandskapet er ikkje berre til å sjå på, men må nyttast som rekreasjon, for syklistar m.v.

Gruppe 3:

- Ta initiativ til lokale tiltak, som unge kan vere med på.

- Skulen må gje god informasjon om tiltak ein kan gjere noko med.
- Vere gode føredøme, til dømes å «køyre ut» dei gamle bilane som den mest miljøvenlege løysinga.
- Skogplanting er fint for dei unge å vere med på.
- Seljord Hage – produsere eigen kortreist mat.
- Byggje nye vegar utanom dyrka jord, om det blir dyrare.
- Byggje energifornuftige bustader
- Solcellepanel på skulane.
- Byggje tett og ikkje langt frå sentrum.
- Sentrum i Seljord kunne ikkje vert plassera annen stad.
- Stolte tradisjonar m.v. - kan gje tilskot til drift av små bruk for å halde vedlike kulturlandskap
- Bruke graset og det trengs storfeproduksjon for å halde kulturlandskapet oppe?
- Brøløs er meir eller mindre verna.
- Evigvarande bu- og driveplikt på gardane?
- Endre odelslova

Til slutt i møtet orientera kommunalsjef Frid Berge kort om at kommuneplanens arealdel er frå 2006 og at den også må reviderast. Men dette kan ikkje skje før ein har fått gjennomført ein statleg skredfarekartlegging i kommunen. Det vil bli gjort hausten 2017. Etter det vil kommunen også sjå på arealdelen.

Det må leggjast føringar i samfunnsdelen for kva som skal gjerast i arealdelen. Det blir nye folkemøter når arealdelen skal tas opp til handsaming.